



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 Oslo

| Dykkar ref: | Dykkar dato: | Vår ref:        | Vår saksbehandlar:            | Vår dato:  |
|-------------|--------------|-----------------|-------------------------------|------------|
| 201906241-6 | 28.09.2021   | 132792/2021/M10 | Ingeborg Forseth, 71 28 01 55 | 05.11.2021 |

## Høyring av søknad om løyve til uttak av vatn frå Gjerdsetvatnet i Rauma kommune i Møre og Romsdal - fråsegn

*Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.*

*Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvalting, naturressursforvalting og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.*

*[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.*

*Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.*

Søknaden gjeld løyve til uttak av vatn frå Gjerdsetvatnet i Rauma kommune. Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### Vassforvaltning

Vassforskrifta stiller krav til tiltak for å hindre negativ påverking av vann og vasskvalitet, samt at konsekvensar av tiltak må bli vurdert opp mot relevante bestemmingar i vassforskrifta. Forskrifta sin § 4 sett krav om at tilstanden i overflatevatn skal bli beskytta mot å bli forringa, forbetrast og bli oppretta igjen med sikte på at vassførekomstane skal ha minst god økologisk og god kjemisk tilstand.

Regional plan for vassforvaltning i Møre og Romsdal fastsett miljømål i alle vassførekomstar, med hovudmål om god økologisk og kjemisk tilstand innan 2027.

Søknaden omfattar tiltak med påverknad i følgjande vassførekomstar; Hamreelva (ID:NO103-259-R), Gjerdsetvatnet (ID:NO103-31341-L) og Gjerdsetvatnet bekkefelt (ID:NO103-260-R). Hamreelva er satt i moderat økologisk tilstand, med risiko om å ikkje nå miljømålet om god økologisk tilstand som følge av eksisterande vassuttak og regulering av Gjerdsetvatnet.

**Anadrom og katadrom fisk**

Sjøaurebestandene i regionen er under press frå ulike påverknadsfaktorar, og har vist sterk tilbakegang dei seinare åra. I høyringsutkastet til ny regional plan for vassforvaltning for Møre og Romsdal 2022-2027 er vassdrag med laks- og sjøaure ei av hovudprioriteringane for planperioden.

Sjøauren nyttar mindre vassdrag enn laksen til gyte- og oppvekstområde, og desse utgjer dermed viktige biotopområder for sjøauren. Det må i størst mogleg grad bli sikra at potensialet for gytingar og oppvekst på anadrom strekk blir ivareteke.

Det ligg føre beretningar om at Gjerdsetvassdraget historisk har vært et viktig habitat for europeisk ål (*Anguilla anguilla*). Dagens status er ukjent, og konsekvensen tiltaka har hatt og vil ha på ål bør bli utgreia nærare. Det bør vidare bli greia ut eventuelle kompensierende tiltak for å lette oppvandring, samt eventuelle habitatforbetrande tiltak.

Innlandsfisk

Det bør bli undersøkt i kva grad reguleringa påverkar gytevandringa opp i tilsigsbekkene til Gjerdsetvatnet. Dersom desse avdekkar vesentleg påverknad må det bli vurdert eventuelle avbøtande tiltak.

Konsesjon og minstevassføring

Konsesjon utan minstevassføring medfører stor risiko for at Hamreelva ikkje oppnår miljømålet om god økologisk tilstand, jf. Vassforskrifta § 12. Moglegheita for og konsekvensane av å innføre minstevassføring bør bli greia ut nærare. Dersom det i et samfunnsnytteperspektiv skal bli vurdert å gi konsesjon utan minstevassføring, med bakgrunn i ivaretaking av genetisk verdifulle sjøaure- og sjørøyestammer, må denne løyva bli tidsavgrensa til å omfatte denne aktiviteten. I det dette samfunnsoppdraget opphøyrer må konsesjonen ha standardvilkår om minstevassføring.

**KONKLUSJON**

Ber om at merknadane ovanfor blir tatt omsyn til i den vidare saksbehandlinga.

Med helsing

Johnny Loen  
plansamordnar

Ingeborg Forseth  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur*

Fagsaksbehandlar

Vassforvaltning: prosjektleiar Arne Håkon Sandnes, 71 28 03 50

Kopi:  
Rauma kommune  
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal